

Møteprotokoll

Utval:	Viltutval
Møtestad:	Møterom midlertidig tinghus
Dato:	19.11.2025
Tid:	Kl. 3:00 PM - 5:00 PM

Følgande medlemmer møtte Parti

Alf Ove Birkenes
Ane Sandal Solberg
Anette Lauareid Hovda
Anne Karin Opheim Rognøy
Eivind Frette

Møtenotater:

Viltutvalet vil sende brev til sporhundsentralen med kopi til Det interkommunale hjorteviltutvalet om rutine for friskmelding av dyr som er påkjørt.

Viltutvalet vil sende brev til Det interkommunale hjorteviltutvalet med forslag til endring av datoar og tidspunkt for Vårtelling av hjort.

Møteleiar: Eivind Frette

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Antette Lauareid Hovda og Alf Ove Birkenes

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
018/25	Høyring av strategi for hjorteviltforvaltning
019/25	Kommunal forskrift om fellingsavgift for hjortevilt
020/25	Vintermøte om jakt og hjorteviltforvaltning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltutvalet i Etne kommune meiner at Landbruksdirektoratet sitt høyringsutkast til strategi for forvaltning av hjortevilt er godt med mange viktige satsingsområde og tiltak.

Det er ikkje knytta kostnad til kvart tiltak og tidsfristen for gjennomføring av tiltaka er mogelegvis knappe.

19.11.2025 Viltutval

Behandling

VIL - 018/25 Vedtak

Samrøystes:

Viltutvalet i Etne kommune meiner at Landbruksdirektoratet sitt høyringsutkast til strategi for forvaltning av hjortevilt er godt med mange viktige satsingsområde og tiltak.

Det er ikkje knytta kostnad til kvart tiltak og tidsfristen for gjennomføring av tiltaka er mogelegvis knappe.

019/25 Kommunal forskrift om fellingsavgift for hjortevilt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltutvalet vedtar å sende utkastet under , "*Forskrift for gebyr for fellingsavgift for elg og hjort, Etne kommune, Vestland*" , på høyring til : Alle hjorteviltvalda i Etne kommune, Det interkommunale hjorteviltutvalet, Vestland fylkekommune og statsforvaltaren i Vestland. Etter høyringa skal Viltutvalet vedta ei tilråding til Hovudutvalet, som i sin tur skal vedta ei tilråding til kommunestyret, som skal gjere endeleg vedtak.

Utkast:

"Forskrift for gebyr for fellingsavgift for elg og hjort, Etne kommune, Vestland

Dato FOR-2026-xx-xx-xxxx

Ikrafttredelse xx.xx.2026

Gjeld for Etne kommune, Vestland

Heimel FOR-2011-05-15-537-§6, LOV-1981-05-29-38-§40, LOV-1981-05-29-38-§43, LOV-1981-05-29-38-§48, LOV-1967-02-10-§27a, FOR-1988-12-23-1073,

Kunngjort xx.xx.2026 kl. xx.xx

Heimel: Fastsett av Etne kommunestyre xx. xx.2026 med heimel i forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6.

1. Fellingsavgift for elg

Fellingsavgifta skal vere i henhold til maksimal sats i statlege avgjersler. For 2025 er satsane kr 670,– for vaksne dyr og kr 400,– for kalv.

2. Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgifta skal vere i henhold til maksimal sats i statlege avgjersler. For 2025 er satsane kr. 520 – for vaksne dyr og kr. 310,– for kalv.

3. Ålmenne avgjersler

a. Betalingsplikt

Hjortevaldet skal betale gebyr med grunnlag i felte dyr og etter satsar og retningslinjer som framgår av regulativet.

b. Fakturerings- og betalingstidspunkt

Gebyret skal betalast etter vanleg forfall til kommunen si økonomiavdeling.

c. Purregebyr

Gebyr skal betalast etter vanlege faktureringsreglar. Ved for sein betaling blir det ilagt purregebyr. Ubetalt gebyr kan etter purring inndrivast etter vanlege regler for inkasso mv.

d. For mykje betalt gebyr eller feil innkrevd gebyr

Dersom det er betalt for mykje gebyr eller ved at det foreligg openbar feil ved innkrevd gebyr skal dette straks rettast og eventuelt tilbakebetalast. Det kan ikkje krevjast rentetillegg."

19.11.2025 Viltutval

Behandling

VIL - 019/25 Vedtak

Samrøystes:

Viltutvalet vedtar å sende utkastet under , *"Forskrift for gebyr for fellingsavgift for elg og hjort, Etne kommune, Vestland"* , på høyring til : Alle hjorteviltvalda i Etne kommune, Det interkommunale hjorteviltutvalet, Vestland fylkekommune og statsforvaltaren i Vestland. Etter høyringa skal Viltutvalet vedta ei tilråding til Hovudutvalet, som i sin tur skal vedta ei tilråding til kommunestyret, som skal gjere endeleg vedtak.

Utkast:

"Forskrift for gebyr for fellingsavgift for elg og hjort, Etne kommune, Vestland

Dato FOR-2026-xx-xx-xxxx

Ikrafttredelse xx.xx.2026

Gjeld for Etne kommune, Vestland

Heimel FOR-2011-05-15-537-§6, LOV-1981-05-29-38-§40, LOV-1981-05-29-38-§43, LOV-1981-05-29-38-§48, LOV-1967-02-10-§27a, FOR-1988-12-23-1073,

Kunngjort xx.xx.2026 kl. xx.xx

Heimel: Fastsett av Etne kommunestyre xx. xx.2026 med heimel i forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6.

1. Fellingsavgift for elg

Fellingsavgifta skal vere i henhald til maksimal sats i statlege avgjersler. For 2025 er satsane kr 670,– for vaksne dyr og kr 400,– for kalv.

2. Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgifta skal vere i henhold til maksimal sats i statlege avgjersler. For 2025 er satsane kr. 520 – for vaksne dyr og kr. 310,– for kalv.

3. Ålmenne avgjersler

a. Betalingsplikt

Hjortevaldet skal betale gebyr med grunnlag i felte dyr og etter satsar og retningslinjer som framgår av regulativet.

b. Fakturerings- og betalingstidspunkt

Gebyret skal betalast etter vanleg forfall til kommunen si økonomiavdeling.

c. Purregebyr

Gebyr skal betalast etter vanlege faktureringsreglar. Ved for sein betaling blir det ilagt purregebyr. Ubetalt gebyr kan etter purring inndrivast etter vanlege regler for inkasso mv.

d. For mykje betalt gebyr eller feil innkrevd gebyr

Dersom det er betalt for mykje gebyr eller ved at det foreligg openbar feil ved innkrevd gebyr skal dette straks rettast og eventuelt tilbakebetalast. Det kan ikkje krevjast rentetillegg."

020/25 Vintermøte om jakt og hjorteviltforvaltning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltutvalet vedtar å bruke inntil 15000 kroner til servering av mat, leige av lokale, honorar ,og annonsering for å arrangere vintermøte om hjorteviltforvaltning i januar/februar 2026.

Beløpet skal dekkast av det kommunale viltfondet.

Tema for møtet er jakt og hjorteviltforvaltning.

19.11.2025 Viltutval

Behandling

Viltutvalet var samde om at vintermøte om hjorteviltforvaltning skal vere i første halvdel av februar i Skånevik, at meir detaljert planlegging skal gjerast på neste møte i Viltutvalet i midten av januar 2026 og at løyvinga frå de kommunale viltfondet bør aukast til inntil 30000 kroner.

VIL - 020/25 Vedtak

Samrøystes:

Viltutvalet vedtar å bruke inntil 30 000 kroner til servering av mat, leige av lokale, honorar ,og annonsering for å arrangere vintermøte om hjorteviltforvaltning i første halvdel av februar 2026.

Beløpet skal dekkast av det kommunale viltfondet.

Tema for møtet er jakt og hjorteviltforvaltning.